

## Samarbeidande Kraftfylke

Organ....:	Styret / Årsmøtet	Dato	Sign.
Møtedato:	20.02.2014 / 20.06.2014	Sakshandsamar	27.05.2014 John Støyva
Arkivnr.:		Sekretariatsansv.	27.05.2014 John Støyva <i>HS</i>
Sak nr.:	5-2014	Styreleiar	06.06.2014 Per-Gunnar Sveen

Namn på saka: **Økonomiske rammer - Kontingent**

Prenta vedlegg i saka:

- 1.
- 2.
- 3.

Uprenta vedlegg i saka:

.....Adm..... rår .....Styret.....  
til å gje slik **tilråding**:

Til drøfting.

.....Styret ..... rår ..... Årsmøtet .....  
til å gjere slikt **vedtak**:

1. Kostnadsramma for Samarbeidande kraftfylke vert sett til 2 mill. kr pr. år eks. mva, indeksjustert etter konsumprisindeksen med referanseår 2012. Eventuell ubrukt kostnadsramme kan overførast til etterfølgjande år eller til reservefond.
2. Årskontingent 2014 på kr 181.818 + mva (utfakturert) vert godkjent.
3. Årskontingent 2015 vert berekna slik: kr 181.818 \* kpi (jan. 2015)/kpi(2012) + mva.
4. Godtgjerdslle til styreleiar vert sett til .....kr/år for 2014 og 2015.

# Årsmøtesak 5-2014: Økonomiske rammer - Kontingent

## Kva sak gjeld

Saka gjeld fastsetjing av økonomisk ramme for kraftfylkesamarbeidet for 2014 og 2015.

## Bakgrunn

I perioden 1992-2004 var kraftfylkesamarbeidet finansiert ved kontingent. Ubrukte midlar i periodar med låg aktivitet vart tekne vare på som reservekapital, og brukt i periodar med høgre aktivitet. Kraftfylka kjøpte tenester til den faktiske aktiviteten til ei kvar tid, og hadde ikkje faste kostnader.

I perioden 2004-2012 har kraftfylka kjøpt tenester etter medgått, som vart fakturert direkte til det einskilde fylke kvart år. Bakgrunnen for omlegginga var endring i mva-regelverket, og omlegginga vart gjort for at fylkeskommunane skulle få refundert mva. Årsmøtet fastsette kostnadsramme som drifta skulle haldast innanfor. I 2010-og fram til foreininga vart skipa var denne kostnadsramma 1,5 mill. kr/år eks. mva.

2013: Skiping av foreininga Samarbeidande Kraftfylke vart gjort med utgangspunkt ein kontingent på 2 mill. kr. pr år eks. mva, fordelt likt på samarbeidsfylka, jfr. styresak 18-2012, brev til fylka dgs. 14.11.2012 og skipingsdokumentet dgs. 14. mai 2013.

Foreininga er registrert i mva-registeret, og refusjon av mva er ivaretaken gjennom det.

## Utgreiing

Vedtekten § 3, 3. avsnitt:

«Alle medlemmer skal betale en like stor, årlig kontingent til foreningen innen 30. januar. Endringen av størrelsen på kontingenen og eventuelt hyppigheten av innbetaling, foreslås av styret og fastsettes endelig av årsmøtet.»

Vedtekten § 5, 5. avsnitt pkt. 5, årsmøtet skal:

« 5. Fastsette økonomiske rammer / budsjetter etter forslag frå styret.»

I saksutgreiinga om kostnader med drift av foreininga har adm. antyda årskostander på 2,5 -3,5 mill. kr/år, avhengig av kva slag driftsprofil foreininga legg seg på.

Styret drøfta kostnadsramma i møte 30.08.2013, Sak 4-2013: Iverksetjing av foreining og vedtok då at:

«- kostnadsramma på 2 mill. kr/år skal leggast til grunn framover»

Med bakgrunn i at kostnadsramma har vore drøfta 2 gonger i styret og ein gong ute i fylka i løpet av dei 2 siste åra, vert det ikkje lagt opp til ny drøfting no. Det vert og vist til at rekneskapen for 2013 pga. lite aktivitet på saker viser eit overskot på 0,867 mill. kr, som gir litt reservekapital fram til neste årsmøte etter fylkestingsvalet i 2015.

For ikkje å gå tom for kapital,, har adm. i samråd med styreleiar forskottert eit vedtak på kostnadsramma på 2 mill. kr eks. mva for 2014, og fakturert denne til fylka med 181.818 kr på kvar eks. mva + 45.455 kr mva = 227.273 kr inkl. mva. Om ein vil halde seg på dette nivået, kan kontingenenten eventuelt indeksjusterast etter konsumprisindeksen.

Årsmøtet skal og fastsetje økonomisk godtgjerdslle til styreleiar. Denne er for tida 55.000 kr pr. år.

## Konklusjonar

Kostnadsramme vert sett til 2 mill. kr pr. år for 2014 og 2015 eks. mva. Kan overførast. Indeksjusterast etter konsumprisindeks med basisår 2012 om ikkje anna er fastsett.